

Kysthei i Rogaland - vikingfylket

Den vestre halvdel av Rogaland var truleg den delen av landet som er mest dramatisk omforma av jordbruk, sjølv om vi held oss til tida før moderniseringa tok til for alvor. I Dalane i sør låg "månelandskap", snau anorthositt med lyng i bergsprekkene med gardar og litt eikeskog i dei største sprekkene.

Litt lenger nord låg den fattige myr- og heiklede Jæren som ein liten bite av dei store jyske lyngslettene "attgløymd" på feil side av Skagerrak. Innover steig eit meir knausete, men i all hovudsak avskoga, lyng- og grasheiprega landskap som møtte dei klimatisk skogsnaue fjellheiane.

Nord-Jæren og nokre av øyane i Boknafjorden var frodigare frå naturen, tettare busett og med større innslag av åker og eng. Men av skog var det berre nokre små eikekrullar. På Karmøy og Haugalandet minner ennå ein del lynghei i det flate, småknausete landskapet om denne fortida.

Dyra beita vintergrøn lyng

Alt dette er ein del av den atlantiske kystheisona som oppstod i dei vintermilde kyststroka i Europa mellom Portugal og Nord-Noreg.

I Boknafjorden og på Haugalandet forklarar den korte vegen til sjøen at denne driftsforma var interessant. Milde vintrar gjorde at det trongst lite forsanking dersom dyra kunne beita på den vintergrøne lyngen. Lett tilgang til sjøen gjorde at kombinasjon mellom lyngheibruk og fiske blei løysinga her som dei fleste stader elles i denne sona. Men i Sør-Rogaland var tilgangen til sjøen mykje vanskelegare sidan det nesten ikkje er fjordar og dermed lite naturlege hamner. At me nettopp her har hatt det største samanhengande kystheiarealet i Noreg er ikkje lett å forklara. Her breidde kystheiane seg 40-50 km. inn i landet til strok med ganske harde og snøsikre vintrar. Avskoginga starta lokalt for 4000 år sidan, skaut fart ved klimaforverringa for 2000 år sidan og har halde fram mot vår tid, medan skogen kom til bake nokre stader etter svartedauden og i andre øydegardsperiodar.

Dei sentrale delane av kystheisona i Rogaland var uvanleg rik på fornminne og var eit politisk kraftsenter i folkevandrings- og vikingtid. Namn som Hafrsfjord og kongsgardane Utstein, Avaldsnes og Husabø vitnar om dette.

Spreieareal og brøytgarder

Kystheisona i Rogaland har i vårt århundre vore eit føredøme i moderne jordbruk. Gjennom ei storstilt nydyrking og oppgjødsling av utmarka og kanaliseringspolitikken frå styresmaktene som styrte husdyrproduksjonen vekk frå flatbygdene på Austlandet, blei

Rogaland det dominerande fylket for mjølke- og kjøtproduksjon. Før krigen skjedde nydyrkinga i hovudsak med handmakt og la etter seg milevis med steingardar. Medan sauene tidlegare hadde vore den viktigaste landskapsarkitekten var det på 60-talet den lokalproduserte gravemaskina "Brøyt" som tok over denne rolla. Denne snudde opp ned på store udyrka areal, gjort ende på mange av steingardane og la opp større "brøytgardar". Det har gått endå hardare ut over eldre kulturminne, nokre stader blei 90% av fornminna borte på 25 år.

Dei store mengdene kunstgjødsel og husdyrgjødsel fann vegen ut i elvar og vatn og øydela mange av desse. Styresmaktene kravde derfor på 80-talet at bonden måtte ha eit visst areal til gjødselspreiing for kvart dyr. Styresmaktene trudde kanskje at bøndene som hadde for mykje dyr ville slakta ned, men dei har naturleg nok heller dyrka opp nytt "spreieareal". Derfor har statleg politikk ført til store endringar i kulturlandskapet i Rogalands kyststrok dei siste 20 åra.

Tolegrensa nærmar seg

Ennå blir nye delar av dei stadig skrumpande lyngheiane snudd av gravemaskin, lagt under plog eller blir grøne kulturbeite under spruten frå gjødselkanona. Statlege styresmakter har stimulert til granplanting, men Rogalandsbonden er meir interessert i husdyr enn i gran. Likevel minkar utmarksbeitinga, bjørkekratt og blåtopp (*Molinia*) er utfallet. Landbruksstyresmaktene er i startgropa for å få beitedyra tilbake i prioriterte område gjennom tilskot.

Det høge nitrogennedfallet som dels stammar frå kontinentet, dels frå avgassing frå eigne jordbruksareal gjer ikkje bjørkekrattet mindre frodig. Vi er redde for at nitrogeninnhaldet i lyngtorva nærmar seg tolegrensa for lyngartane slik vi har sett det på kontinentet. Planane om gasskraftverk på Kårstø kan ikkje tolkast som signal om at nitrogenreduksjonar blir høgt prioritert.

Vikinghus i sitkagranskog

Nye tider skaper nye kulturlandskap. Skal vi då streva med å bevare dei siste kystheiane?

Landskapstypen er ikkje kjend for høgt biologisk mangfald men fleire kjende og kjære fuglearter som sørleg heilo, storspove, enkeltbekkasin og songlerke er knytta til desse heiane. Men kanskje vil provet for denne samanhengen koma etter at det er for seint? Det er årleg gjort viktige plantefunn i desse beitelandskapa i det siste, ekornsvingel, dvergmårikåpe og saronnellik som nye for landet, myrsildre som ny for Sørnoreg. Reiselivet skal selja "vikingfylket" og vikinghus blir reist i sitkagranskogen. For få tenkjer på korleis vikinglandskapet var. Viktige kommunar som Hå og Karmøy ønskjer å verna, og staten